

Kyrkjetonar

Gripen av storsinn

familietime på Nedstrand

tilgjeving vart vegen
ut av mobbinga

Kven skal leia kyrkja?

tema: tilgivelse

Bibelskulen i Bafoulabè



“Tilgivelsens kunst”



For vedkjenner du med munnen din
at Jesus er Herre, og trur du i hjartet
ditt at Gud reiste han opp frå dei døde,
då skal du bli frelst.

Rom. 10: 9

Framsdebiletet:

På Nedstrand er det vorte ein
tradisjon å gå til Vargavika på
Skjærtorsdag for å grille og koke egg.
Dette er eit uformelt samarbeids-
prosjekt mellom Kyrkja, Nedstrand
Bygdekvinneleg og Nedstrand
kjøre- og rideklubb.
Bildet: Regine Dalva Lie (t. høgje)
og Johanne Hustoft.

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær,
Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni,
september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Espevik,
5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Edvin Gjerde, Reidar Alvestad,
Håvard Førland og Ingrid Hustoft Landro

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 0531.49.46091.
Frivillig kontingent: kr. 150,-
Kasserar: Borge Løype,
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22
Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Tysvær Prestegjeld

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og
Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær
og Førresfjorden sokn

telefaks: 52 75 77 10

åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag
kl. 10 - 13

Kyrkjekontoret for Nedstrand sokn

telefaks: 52 75 77 21

åpningstid: tirsdag - fredag kl. 9 - 12

“Jeg tenker ofte på tilgivelsens
kunst, men det tar sin tid.
Hva hadde vi vært om vi fikk
sjansen på ny, en gang til...”

CC cowboys

Å leva saman som venner, familie
og naboar er utfordrande. Sjølv om
me prøver hardt sårar me
kvarandre. Vennskap og tilgjeving
høyrer saman. Ein knytter seg nær
til medmennesker, og samtidig vert
ein sårbar. Å innrømme eigne feil,
be om og ta imot tilgjeving er ein
av nøklane til gode relasjonar.

Men å be om tilgjeving er vanskelig.
Å be om tilgjeving gir stoltheten
min ei skrape. Samtidig er det så
mykje lettare å sjå alle dei som
burde koma krypende med
unnskyldningar til meg.

Øving gjer meistar! Me kan øva
oss opp til å sjå kva påverknad me
har på dei rundt oss. Slik kan me
unngå nokre sårande situasjonar.
Me kan gå til våre medmennesker
og seia: Eg veit at det eg gjorde
var dumt, og at det sårar deg. Eg
angrar og håpar du kan tilgje meg.

Jesus forstod at tilgjeving kom til å
verta ein av våre største
utfordringar i samlivet som familie,
venner og kyrkje. Ei av bønene i
Fadervår lyder:
“...og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.”

Bøna om tilgjeving er den
einaste bøna i fadervår som vert
utdjupa og understreka spesielt
i Matteus kap 6.
Verset rett etter fader vår lyder:
“For om de tilgjev menneske
misgjerningane deira, så skal
òg Far dykkar i himmelen tilgje
dykk. Men tilgjev de ikkje, skal
heller ikkje Far dykkar tilgje
misgjerningane dykkar.”
Matt. 6: 14-15

Bladpenger

Vedlagt i dette nummeret ligg
giro for innbetaling av frivillig
bladkontingent. Me vonar at du
set pris på Kyrkjetonar og at du
vil vera med å støtta drifta av
bladet.

Lesarar som bur utanfor Tysvær
og Bokn og som ynskjer å teikna
abonement på kyrkjetonar må i
tillegg til å betala blad-
kontingenten også melda frå
om navn og adresse til kyrkje-
kontoret (kontaktinfo nederst på
sida)

Ståle Hustoft

Tema i neste nummer: Frivillighet

I neste nummer blir temaet
frivillighet. Har du tankar kring
dette temaet, eller tips til
personar me bør snakke med
kan du sende tekstar til
redaktøren, eller ta
kontakt med ein i redaksjonen.

redaktørens hjørne

Kven skal leia kyrkja?

av Ståle Hustoft. Les meir på www.kirkevalget.no

Demokratiprosessen i Den norske kyrkja
inneber at kyrkjevalet i haust gjev deg som vel
langt større påverknad på kven som skal styra
kyrkja i tida framover. Fleire spennande
endringar gjev dei 3,8 millionar medlemene
i Den norske kyrkje større medraderett. Dei
største skilnadene er følgjande:

- Det er auka bruk av direkteval - veljarane skal
kunne røysta direkte på kandidatar til bispedømeråd/
Kyrkjemøtet (det øvste representative organet til
kyrkja) - desse har til no vore valde av medlemene i
sokneråda

- Du kan røysta samtidig med stortingsvalet
kyrkjevalget skal vere same dag og i nærleiken av dei
offentlege vallokala

- Du har røysterett òg som 15-, 16-, eller 17-åring,
heile sju årgangar er fyrstegongsveljarar i år

- Kandidatane vert valde for to år - dette er eit
forsøksval der dei valde sit i berre to år. Nytt val er
alt i 2011, same dag som kommune- og fylkestings-
val.

Kandidater Førresfjorden

- 1 Inge Jarl Auestad, Aksdal
- 2 Mette Veim, Førresfjorden
- 3 Karen Johanne Ugland Vae, Førresfjorden
- 4 Ingebjørg Skjold Knutsen, Grinde
- 5 Margit Gelius Eikje, Førresfjorden
- 6 Gudveig Mæland, Førresfjorden
- 7 Bjørn Gunnar Nedrebø, Aksdal
- 8 Anne Alvseike Susort, Nesheim
- 9 Berit Elise Løkling, Søvik
- 10 Gabriel Skofteland, Førresdalen
- 11 Per Molland, Førresfjorden
- 12 Jens Einar Helgø, Førresfjorden

Kandidater Nedstrand

- 1 Kåre Åsheim
- 2 Jorunn Sande Baustad
- 3 Elisabeth Finshus
- 4 Gunstein Landro
- 5 Synnøve Lindanger
- 6 Torunn Lyse
- 7 Audhild Frøyland
- 8 Nils Olav Eintveit
- 9 Sissel Tendeland
- 10 Randi Rettedal
- 11 Kåre Gaupås
- 12 Sigmund Eggebø
- 13 Klara Astrid Asheim
- 14 Finn Arvid Lindgren
- 15 Dan Jørgen Eide
- 16 Atle Ådland

Alle desse endringane er
viktige steg på vegen fram
mot målet om auka demokrati
i kyrkja. Dette igjen vil leggja
grunnlaget for ei grunnlovsen-
dring frå 2012 der paragrafane
som regulerer tilhøvet mellom
Konge, stat og kyrkje vert endra.

Dei siste åra har valoppslutnaden lege på 4,2 %. Både
me i kyrkja og politikarane har tru på at langt fleire
vil seia meininga si gjennom å leggja røystesetelen i
valurnene i år, blant anna på grunn av dei endringane
me har nemnt her.

Omlag 3,1 millionar nordmenn vil ha rett til å røysta
13.-14. september. Alle som er døpte og dermed er
medlemer i Den norske kyrkja, vil få valkort i posten
- eit kort som gjev deg lokal informasjon om kvar du
kan røysta og kven du kan røysta på.

Vallokal 14. september:

- Førland skule
- Tysværåvåg b/u skule
- Frakkagjerd ungdomsskule
- Skjoldstraumen grendasenter
- Tysværtunet kulturhus
- Nedstrand b/u skule
- Boknatun

Kandidater Tysværåvåg

- 1 Nina Gunn Askeland, Askeland
- 2 Bodil Valle Høie, Førland
- 3 Steinar Høyvik, Høyvik
- 4 Kari Askheim Liknes, Førland
- 5 Ingunn Lundervold, Tysværåvåg
- 6 Ruben Ljostveit Reiersen, Tysværåvåg
- 7 Gerd Sandvik Lønning, Lønning
- 8 Åse Berit Rolland, Apeland
- 9 Mai Torunn Sønstabø Rosberg, Førland
- 10 Geir Helge Susort, Susort

Kandidater Bokn

- 1 Leiv Våga
- 2 Sigrun Hole Hosaas
- 3 Reidar Alvestad
- 4 Kerstin Larsen
- 5 Eivind Øvrebø
- 6 May Jorunn Vatnaland
- 7 Heidi Aksdal
- 8 Magnar Are
- 9 Ingunn Grønnestad
- 10 Linda Ognøy
- 11 Harry Vågshaug
- 12 Jon Magne Lie
- 13 Sonja Mikkelsen
- 14 Rune Pedersen



Gripen av storsinn

Ingrid Hustoft Landro

Då eg var lita gjekk eg på Søndagsskulen på Silgjerd bedehus. Mamma var søndagsskulelærar og me forstod tidleg at søndagsskule var viktig. Der fekk me syngje mykje og høyre fine og s pennande forteljingar frå Bibelen. Av alle søndagane i oppveksten er det ein eg hugsar aller best.

Me var på bedehuset. Eg sat ytterst på stol-rekke nummer to på høgre sida. Mamma stod framføre talarstolen og fortalde likninga om Den bortkomne sonen (Luk 15,11-32). Eg dingla med beina, hadde kledeleg hakeslepp og lytta intenst til forteljinga om sonen som valde bort det heimlege og søkte lukka lenger borte. Men det skulle altså vise seg at livet heimefrå ikkje var så godt, pengane tok slutt og venene vart borte. Til slutt sat sonen i grisebingen, svoltan, og lengta heim.

Forteljinga grip meg framleis. Korleis kunne sonen reise frå heimen? Og korleis kunne faren la han gå – han visste sikkert litt om kva som kunne råka han ute i den store verda?

Sonen valde å dra heim igjen og be om å få vere tenar hjå faren. Men allerede då sonen enda var langt borte kom faren han springande i møte, kasta seg om halsen på han og kyste han. Og han ropte på tenarane sine og bad dei stille til ein stor fest for sonen som endeleg hadde kome heim igjen.

Då trilla tårene på jenta på andre rekke. Eg hulka og snufsa, gripen av forteljinga. Søndagsskulelærar-mamma vart storleg forbausa og spurte kva som var gale. Eg kunne berre svare at ”det var så fint”... Så fekk eg gøyne meg ei stund bak den store talarstolen.

Besøk fra pyramidenes land

Vår frelsers menighetshus, Haugesund 9.sept. kl. 19.00

Biskop Thomas fra Den koptisk-ortodokse kirke i Egypt besøker Stavanger bispedømme 8. - 13. september. Han er en fremstående talsmann og leder for de koptiske kristne.

I de senere år har situasjonen for de kristne kirker og befolkningsgrupper i Midt-Østen kommet i fokus. Det har vært en betydelig emigrasjon av kristne fra de områder som vi kaller de bibelske land og som er den kristne kirkes vugge.

Biskop Thomas ble først utdannet som veterinær og senere psykolog, men ble munk i 1983 og presteviet i 1987. Allerede året etter, 31 år gammel, ble han vigslet til biskop for El-Qussia og Mair-bispedømmet i det øvre Egypt. Under stor personlig risiko har han gjennom disse årene kjempet for religionsfrihet og menneske-rettighetene i sitt hjemland.

De koptiske kristne blir ofte diskriminert, og høyere utdanning og mange yrkesveier er stengt for dem.

Framleis står denne historia sterkt i minnet. Ho rører meg enda. Sonen var dum, valde gale og fekk ei lærepeng ute i den store verda. Faren var storsinna, lot sonen prøve seg, venta og lengta natt og dag, og tok varmt i mot han att då det gjekk gale for han. Det som imponerer meg meir i dag enn då, er at faren ikkje spurte kva som gjekk gale. Sonen trengte ikkje forklare noko. Akkurat som om han allerede visste alt.

Me har lært at faren i likninga er Gud. Sonen er meg og deg. At Gud så storsinna let oss utforske livet, gjere gale, og så ventar på oss og lengtar etter å få vise oss kjærleik, det er like ufatteleg i dag som det var då eg var lita. Gud tek i mot oss med ein stor, god bamseklem der me får kjenne at her er det trygt og godt å vere. Så fort me vender nasen heim att, er han der, klar til å ta i mot og gløyme det som har skjedd. Han er raus, storsinna, kjærleg.

Likninga har med ein person til. Broren. Han som var heime. Han er vel òg ein av oss? Eg kan i alle fall kjenne meg igjen. Men livet har lært meg at eg er like mykje lik sonen som bror hans. Eg vert òg kjærleg tatt i mot av Far, igjen og igjen, får erfare storsinnet og kjærleiken hans. Likevel greier eg ikkje alltid å sjølv vere storsinna og kjærleg mot dei eg møter. Men eg ynskjer å leve etter det idealet. Eg trur at det er eit ideal å leve etter for enkeltmenneske og for kyrkjelydane. Difor let eg gjerne minnet frå søndags-skulen leve vidare, og likninga røre meg igjen og igjen. Fordi det er ei viktig forteljing.

Jesus seier: ”De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre. På det skal alle skjøna at de er mine læresveinar: at de har kjærleik til kvarandre.” Joh. 13,34



Biskop Thomas sammen med Eyvind Skeie og Bjørn A Wegge som også blir med på Egypt-kveldene. foto: Norsk misjon i øst

Parallelt med dette har biskop Thomas under vanskelige forhold bygget skoler og utviklet utdanningsprogram i sin kirke der også muslimske barn blir invitert. Han har styrket den diakonale tjeneste blant fattige og syke.

red/Stavanger bispedømmekontor/Norsk misjon i øst

Inntrykk fra visitasen i Haugesund prosti mars 2009



Helsing i etterkant av prostivisitas

Jeg vil få gi en stor og hjertelig takk for sist til menigheter og kommuneledelse i Bokn og Tysvær! Jeg som fungerende biskop og rådgiverne fra bispekontoret som var i følget, opplevde at vi ble svært godt tatt imot både av ansatte, frivillige , kommunale myndigheter, skoleledelse og bedrifter vi besøkte. Det var lærerike og konstruktive samtaler, og inspirerende samvær , hvor vi fikk bli bedre kjent både med enkeltmennesker og menighetene. Mange har gjort et stort arbeide både med forberedelser og gjennomføring av visitasen. Takk til dere alle!

I løpet av perioden 13.-29.mars 2009 ble Haugesund prosti og de åtte menighetene visitert samtidig. Dette var en del av en utprøving i Stavanger bispedømme, og den fjerde av prostivisitasene. Målsettingen er å kunne besøke prostiet og menighetene oftere enn hvert 10.år som hittil. Viktig er det også å styrke prostiet og enheten i regionen, tydeliggjøre både det som er felles for menighetene og det stedege, og tydeliggjøre prost og kirkeverger som ledere i prostiet. Utfordringen blir å få presentert arbeidet i den enkelte menighet i løpet av bare en dag. Det ble en mangfoldig og spennende blomsterbukett. Samtidig så vi arbeidsområder og arbeidsmåter hvor den enkelte medvirkende og menighet må kunne utnytte hverandres ideer og ressurser.

Visitasen startet på Bokn i solskinn. En av våre minste kommuner fikk vist seg fra sin beste side. Et lokalsamfunn hvor Folkekirke og kommunal ledelse samvirker om å gjøre det ”Kjekt på Bokn” for alle aldersgrupper. Diakoni blir en del av det å bry seg om hverandre. Det ble lagt vekt på kontakt på tvers av aldersgrupper. Speiderarbeidet var imponerende på et så lite sted, og ble integrert i menighetens arbeid for barn og unge. Menighetskveld på Bedehuset med gode tradisjoner, og drømmer om hva Bokn kunne bli i fremtiden gikk hånd i hånd.

Tysvær, Aksdal/Førresfjorden og Nedstrand evnet å fremstå som et fellesskap og samtidig være tydelig på det særegne for hver menighet. Her finner vi både en spennende moderne kirke og unike gamle kirker. Vi fikk være med på gudstjenester i Aksdal og Nedstrand med kreativitet og medspillere i alle aldre,

hvor også barn blir regnet med som viktige medarbeidere. Begge disse stedene la en også vekt på å integrere ulike grupper i menighets-arbeidet; som mennesker med spesielle omsorgsbehov, og lokale ressurs-grupper som musikk-korps. Vi deltok i kirkekafe på Nedstrandtunet, og på menighetskveld i Tysvær hvor ungdommen tok tak og utfordret fungerende biskop til å bryte egne grenser. Det diakonale arbeidet i Tysvær fellesråds-område har grepet tak i viktige områder også for lokalsamfunnet. Vi vil nevne arbeidet med psykisk utviklingshemmede, arbeidet med kulturkvelder for innvandrere fra ulike kulturer og religioner, og arbeidet for kvinner som har vært utsatt for overgrep.



Berit M. Andersen

Felles utfordring for Bokn og Tysvær er arbeidet med trosopplæring og gudstjenestefornyelse som inngår i et reformarbeid som pågår i hele Den norske kirke. Haugesund prosti er et av de første prosti som har fått tildelt trosopplæringsmidler. Men menighetene i Bokn og Tysvær ligger her i forkant med det store og gode arbeidet dere allerede har gjort i forhold til dåpsskoler og lokale trosopplæringsplaner. Dette til tross for små ressurser økonomisk og personell-messig. Prosjektet Kyrkjénær bærer gode frukter. Jeg vil også fremheve det positive i at menighetene ser sammenhengen mellom trosopplæringsreform og gudstjenestereform. Det er to sider av samme sak. Likeså at en prøver å gå på tvers av aldersgrupper og la barn ,unge og eldre samarbeide. Vår utfordring er å flette de ulike virksomheter sammen til en helhet, og kanskje en periode fordype seg i noen få oppgaver som er viktige akkurat i vår menighet. Det store felles målet er at vi i alt kan være en kirke som lever ”I Kristus – Nær livet”

Vi håper visitasen har vært med å oppmuntre og inspirere videre i dette arbeidet.

Hilsen Berit M. Andersen

Fungerende biskop ved visitasen 13.- 29.mars 2009

Bønnenettverket ”Bønn for Den norske kirke” ønsker samle alle som ber, til bønn for kirkes ledere, for folk og land.

Vi ønsker å holde deg oppdatert med bønneemner på e-post eller sms.

Vi ønsker også etter hvert å formidle våre bønneemner på papir.

Meld deg inni nettverket og lese mer om ”Bønn for Den norske kirke” på www.kirken.be

Bønn for Den norske kirke



Alltid spennande utfordringar i Kyrkjenær!

Kyrkjenær har no vore aktivt i to år. Me starta med fyrste tiltak i september i 2007, med positivt respons frå Trusopplæringssekretariatet sentralt, friske midler og nye tilsette. Desse to åra har me med iver og engasjement forsøkt å verkeleggjere trusopplæringsreformen sin visjon - å lære born og unge opp i den trua dei vart døypte til.

Det er vanskeleg å måle resultata frå arbeidet vårt, men me ser at Kyrkjenær er blitt tatt godt i mot i Tysvær, og blir sett på med interesserte blikk frå Trusopplæringssekretariatet og andre stader i landet. Det er spennande å fylgje utviklinga på nært hald. Mange små endringar må jamnleg til for å forbetre tiltaka våre, både for å få til kjekke aktivitetar, betre organisering og for å finne den gode balansen mellom trusopplæringsinnhald og aktivitet.

Det er spennande å møte borna og høyre responsen på dei opplever, alt frå små babyar som bable-syng til kjende melodiar på babysong, til 13-åringar som let seg begeistre over tonane frå One Way på vårkonsernten. Mange born gir tillitsfullt uttrykk for tru og tvil, og tek forsiktig i bruk Bibel og bøn på samlingane våre og heime. Det skal bli spennande å sjå på sikt kva følgjer trusopplæringsreformen kan få landet vårt og dei unge.

Utviding frå prosjekt til fast drift og nye tiltak
Ved nyttårskiftet gjekk Kyrkjenær over frå å vere eit tidsavgrensa prosjekt til drift. Frå i haust har me i Haugesund prosti òg vore med i prosjekt 08 og vart utfordra til å utvikle trusopplærings tiltak for 13 -18 år. Særleg vart det lagt vekt på å samarbeide i prostiet om tiltak for aldersgruppa 16 - 18. I vår har me difor starta eit nytt tiltak for 13 åringane/7.klassingane våre. 13-åringane frå heile Tysvær vart inviterte til vårkonsernt med One Way og påfølgande ballkveld og klubb i Aksdal. One Way gjorde ein strålende konsert, full av engasjement og songglede, og ballkvelden på Tysværtunet etterpå lukta av latter, glede og ballkontroll.

Velkommen til babysong

Babysang i Aksdal kyrkje desse datoane: 16.9, 23.9, 30.9, 14.10, 28.10, 4.11, 11.11.

Babysong i Tysværvåg startar opp igjen 10. september. Torsdagar kl 10-12. Ta med niste

Datoane for babysong i Nedstrand sokn er ikkje klare, sjå oppslag seinare.



13-åringane var invitert på One Way sin vårkonsernt.
foto: Kristina Elverhaug

Samlingar for 16-, 17- og 18-åringane

For aldersgruppa 16-18 er det planlagt fellesarrangement for heile prostiet. Ei prosjektgruppe, samansett av folk frå dei ulike sokna og Kfum/Kfuk har forma ein plan og sett opp tre datoar for tiltak i haust. Det vil bli samlingar på KM-huset i Haugesund der det blir ulike klubbaktiviteter, kafe, sceneshow og avslutta med midnattsmesse. Me trur dette blir fine samlingar for ungdommane og håpar på godt oppmøte både frå by og land. Merk dykk datoane for haustsemesteret: Laurdag 26.september, laurdag 31.oktober og laurdag 21.november.

Aktivitetdag i Aksdal kyrkje

21.september er det planleggingsdag for skulane i Tysvær. Denne dagen inviterer me for tredje gong alle 4.klassingane/ 9-åringane til felles aktivitetdag i Aksdal kyrkje. Det vil bli ulike aktivitetar og samlingar med tema misjon, ballaktiviteter og bading i svømmehallen på Tysværtunet. Merk dykk dagen!

Spennande haust

Tidlegare i september blir alle 2.klassingane/7-åringane inviterte til ulike opplegg knytta til hausttakkefestane i kyrkjene våre. Det blir oppstart av babysong i dei ulike sokna og Tysvær og Aksdal har allerede datoane klar. Nedstrand sokn får litt ekstra utfordring i år fordi Ingrid skal ha fødselspermisjon frå midten av september. Vikariatet blir lyst ut i desse dagar og me håpar på god respons. Kan du tenke deg jobben, eller har du lyst til å hjelpe til med noko på tiltaka våre, enten i Nedstrand, Tysvær eller i Førresfjorden sokn? Me har bruk for deg! Ta kontakt med kyrkjelydskontoret eller ein av oss tilsette.



K/M-klubben i Aksdal kyrkje

av Kristin T. Skofteland

KM-klubben har hatt ein ny vår og auka aktiviteten. Etter litt tid med litt laber aktivitet og oppslutning har me i vår hatt fem ulike klubbkveldar. 15-20 ungdommar samlar seg på vanlege klubbkveldar, medan hallkveld som er samarbeidsprosjekt med klubben i Tysværvåg samla 80 ungdomar til turneringar i volley, landhokey og fotball.



Sist fredag flytta me aktiviteten ut til Dragavika, med forsmak på sommar. Grilling, vannaktiviteter som vannski og ring, volleyball og pil og bue. Strålende vær gjorde at det blei ein kjempekjekk kveld.

Til hausten satsar me enno meir, det blir klubb frå fredag 28.august og kvar 14.dag framover. Det blir mange spennande aktivitetar så følg med. KM-klubben er for 8. klasse og oppover.

Dei som vil ha SMS når det skjer ting kan senda melding til Kristin; tlf 47468880



K/M-klubben i Tysværvåg

Kvelden før 17.mai blei ein flott kveld i K/M.klubben i Tysværvåg. 18 ungdommar heldt til på kajakkanlegget, og vèret kunne ikkje ha vore betre. Grillpølser og brus gjekk ned på høgkant!

Andakten var lagt opp som konkurranse mellom tre lag. Det blei også tid til leik og fotoseanse før folk drog heim for å oppleve Aleksander Rybakk vinne Melodi Grand Prix!

tekst: Marit Sofie Teistedal Vikre,
foto: Marita Eikeskog



Familietime på Nedstrand

tekst/foto: Ingrid H. Landro/Gunstein Landro

Song og glede ljoma ut av Nedstrand kyrkje torsdag 23. april. Då hadde barnekoret Sakkeus besøk av Ivar Skippervold. Samtidig var dette sommaravslutning for barnearbeidet som vert drive på Nedstrand, både søndagsskule, barnelag, tirsdagsklubb og Sakkeus.

Borna kom til kyrkja direkte frå barnehage og skule og fekk seg pølser og drikke. Med ketsjup rundt munnen song og lo dei saman med Ivar Skippervold, og øvte til konserten dei skulle ha på kvelden. Klokka seks hadde foreldra fått vaska og pynta sine håpefulle og det var klart for familietime med Skippervold. Han er eit unikum som med trylling, song og forteljing fenger både born og vaksne, og samtidig får fortelje viktige ting om Jesus og om å tru på han. Saman med barnekoret framførte han den nye musikalen sin, Bartimeus.

Det vimla av liv i kyrkja denne ettermiddagen og både vaksne og born såg ut til å kose seg. Mange ville ha cd 'ar og bøker etterpå. Og leiarane håpar at borna fekk med seg viktig lærdom og kjekke opplevingar, både frå denne familietimen og frå året med barnearbeid. God sommar, og velkommen igjen til hausten!



Ei konfirmasjonstid er over



Håvard Førland

Vi har snakka med 4 ungdomar frå ytre del av kommunen angående kyrkjeleg konfirmasjon. Både om det som skjedde på førebuinga og inntrykka frå sjølve konfirmasjonsdagen.

Ida Marie Kallevik (Høie)

Gruppe: «Etter skoletid»

- Eg syntes sjølve opplæringa var ok. Vi fekk besøk av «Roadservice», ei gruppe ungdomar som gav god

døme på korleis gudstrua deira styrkte det dei var opptekne av i kvardagen.

Å drive konfirmantopplæring utan eigen kateket er vanskeleg, vi kunne nok fått endå betre utbytte av opplæringa med eigen kateket.

Det hadde vore endå betre dersom opplæringa hadde hatt med litt andre tema en berre religion, til dømes kunne vi diskutert korleis ein kan takle ulike valgsituasjonar vi ungdomar møter i løpet av ungdomstida. Ein annan ting er at ein del unge er så opptekne av idrettsaktivitetar at dei ikkje får så god tid til å delta på religiøse arrangement. Kanskje kjerka kunne lage til cupar eller liknande slik at unge folk kunne kombinere idrettsgleda si med å høyre om.

Sjølve konfirmasjonsdagen var kjempefin. Eg har hatt ei fin konfirmasjonstid og vil anbefale andre ungdomar å velge kyrkjeleg konfirmasjon.

Julie Dagsland (Førresfjorden)

Gruppe: «tensingkonfirmant»

- Eg har hatt ei fin tid som tensingkonfirmant. I One way fekk vi oppleve mange kjekke ting, helgeseminar og overnattingsweekend. Sjølve konfirmantopplæringa var ok, men det kunne kanskje vore gjort meir interessant med ulike tema og dette med å gjere samtidsaktuell for ungdomar.

Sjølve konfirmasjonsdagen var svært fin, den var betre enn eg hadde sett føre meg, sjølv om eg var nervøs for å snuble eller gjere noko feil då vi skulle tenne lys.

Lars Morten Mæland (Førresfjorden)

Gruppe: «videokonfirmant»

- Konfirmasjonstida var kjekk. Vi hadde Inge Jarl Auestad som leiar og han var flink til å gi oss interessante utfordringar. Det var passeleg mykje teori og eg likte at vi blei delt i 2 grupper slik at alle fekk litt meir å gjere. Vi laga kvar våre videofilmar på nokre minutt.

Sjølve konfirmasjonsdagen var høgtidsam og fin. Det å velge kristen konfirmasjon var naturleg for meg, og eg kan anbefale andre å velje dette alternativet.

Victoria Olaisen (Høie)

Gruppe: «videokonfirmant»

- Eg valde kyrkjeleg konfirmasjon fordi det har vore ein tradisjon i vår familie. Innhaldet i opplæringa kunne kanskje vore litt meir variert, med diskusjon

rundt meir almenne tema som vi ungdomar er opptekne av. Likevel vil eg seie at innhaldet var interessant, eg fekk tankar rundt religiøse spørsmål som eg ikkje hadde før eg melde meg på konfirmantundervisninga. Det var kjekt at presten var med fleire gonger, Øivind var flink til å snakke med oss.

Konfirmasjonsdagen var fin og er eit godt minne å ta med seg.

Konfirmantopplæring 2009/2010

Nå er tida snart inne for påmelding til konfirmasjon for neste år. Det blir konfirmasjonsopplæring i Førresfjorden, Straumen, Nedstrand, Bokn og Tysvær.

Alle 8.klassingar har fått tilsendt brosjyre om konfirmasjon i posten, og skulane vil få besøk av prest eller kateket for nærmare informasjon om opplegg og evt påmelding/innskriving. På same måte som i skulen, skal konfirmantopplæringa vere for alle som ynskjer det. Vi legg opp til tilpassa opplæring for dei som treng det.

Har du spørsmål kan du ringe kyrkjekontoret for nærmare opplysningar. Velkommen til eit nytt konfirmantår!

Våren 2010 blir konfirmasjon avvikla desse dagane:

Bokn kyrkje 9. mai
Aksdal kyrkje: 1. og 2. mai
Nedstrand kyrkje 9. mai
Skjoldastraumen kyrkje 2. mai
Tysvær kyrkje 2. mai



Her er bilete av dei som fylgjer den ordinære undervisninga, som de ser av biletet er det ingen kvinner. Tre av mennene har med seg konene sine og desse får undervisning i lese og skriveopplæring og ein del bibelundervisning. Nede til venstre er dei som no går på bibelskulen.

Vi ser at bibelskulen har hatt stor betydning for elevane og for kyrkja. Den har gitt mange mykje kunnskap om den kristne trua og eit nærare forhold til Jesus. Vi ser likevel ein del svakheter med systemet slik det er no. Vi treng å meisle ut eit betre system for oppfylgging av elevane mellom semestera. Dei går på bibelskulen frå januar til ut april. I perioden frå mai til desember skal dei etter planen studere heime via eit desentralisert bibelskuleopplegg. ETD eller TEE som det heiter på engelsk-Theological education by extension. Dette fungerer ikkje godt nok i dag for dei fleste. Her må vi gå saman med kyrkja om å få til eit opplegg som kan fylgje opp dette systemet, eller eventuelt finne eit anna som kan erstatte dette.

Bibelskulen i Bafoulabé i 2009

av Gjermund Lygre.

Den 28 desember reiste dottera mi, Gunhild, og ein nevø, Arne Baustad, og underteikna til Mali og Bafoulabé. Igjen var vi heldige og skulle få reise til Mali og møte vener, kjenne på ei god og varm sol, mykje menneskeleg varme, kjende og kjære lydar og og lukter og ikkje minst få vere med og bidra på bibelskulen som vi i Normisjon har saman med kyrkja. Bibelskulen i Bafoulabé er nå inne i sitt 12 år. Dette semesteret er det 7 elevar. Tre som går det tredje året og fire som går det andre året. Det kom ingen nye dette året.

Vi har eit treårig opplegg slik at vi tek imot elevar kvart år. Alle fylgjer den same undervisninga. Det betyr at vi har delt opp pensum i tre deler. Til dømes har vi delt undervisninga av det nye Testamentet i tre deler, likeså med det Gamle Testamentet og dei andre disiplinane det vert undervist i. Når elevane har gått tre år à 4 månedar har dei gått gjennom stort sett heile GT og heile NT og dei andre faga, som sjelesorg, praktisk teologi, systematisk teologi etc.



Når elevane er ferdige ynskjer kyrkja å bruke mange av dei som evangelistar og katekistar. Her er det særskild viktig med tett oppfølging av dei nye medarbeiderane skal dei klare å kome godt inn i arbeidet og utvikle seg til å bli gode og trufaste medarbeiderar. Kyrkja jobbar i desse dagar med ein desentralisering av strukturane. Dei vil dele kyrkja opp i 4 distrikter med ein komite som skal ha ansvaret for å fylgje opp arbeidet som skjer innanfor det gitte distriktet. Dette er no kome i gong i Bamako distrikt. Dei møtes regelmessig til drøftingar ein gong i månaden. Komiteen vil få ei viktig rolle i oppfølginga av dei enkelte medarbeiderane i distriktet.

På denne måten kan t.d. kvar medarbeidar få ein veileidar som kjem på besøk ein gong i månaden til staden der han arbeider. Då kan veilederen sjå medarbeideren i arbeid og veilede. Medarbeideren kan også reise til veilederen for ein veiledningsamtale ein gong i månaden i tillegg.

Klarar kyrkja å få til enno betre strukturar og god oppfylgging så vil kyrkjene og dei enkelte kristne kunne vekse og modnast og evangeliet få nye føtter, nye hender og nye munnar til å bære det vidare.

EELM-Eglise évangélique luthérienne du Mali, samarbeidskyrkja vår har også fått ein samarbeids-partnar til. Det er no 4 misjonærfamiliar frå Kamerun som arbeidar inn mot EELM. Det er dyktige folk som kjem frå ei luthersk kyrkje i Nord-Kamerun, Eglise Fraternelle Lutherienne du Cameroun. Denne kyrkja er ei kyrkje som brenn for at nye skal få bli kjent med Jesus, verdens frelsar og dei ynskjer å bidra inn i EELM med sin kompetanse på mange områder.

Den som krever mest, må tilgi mest.



Ståle Hustoft

Kristen tilgjeving og tilgjeving mellom oss menneske har mange like trekk, og nokre ulike. Vi kan ikkje kreva at den såra parten skal vera like raus som Gud med tilgjevinga.

Eg har høyrte mange sine innvendingar mot kristendomen. Ein av dei vanlegaste er "det er så mange krav og forbud". I staden for å strekka seg etter eit mål som verkar uopnåeleg forkastar mange dei ti boda og resten av formaningane i Bibelen.

Gudfryktighet var eit omgrep ein høyrde oftare før. Balansen mellom gårldagens gudsfrykt og dagens "Eg og Jesus er kameratar" er vanskeleg. I håp om å "selja" trua plukkar vi ofte bort dei vanskelige sidene ved kristendommen, og fortel om ein Gud som vil vera med alle. Kanskje kan vi sjå på barnetrua for å sjå korleis vi skal forstå Guds kjærleik og tilgjeving.

På søndagsskulen lærte eg at "Gud ikkje toler synd, men han lengtar etter å vera saman med oss." Det gjer at Gud har lært oss masse om

tilgjeving. "For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv" (Johannes 3: 16) Guds tilgjeving er gjeven til alle som no og i framtida ynskjer å verta tilgjevne. Kven av oss kan seia: "Eg kjem til å tilgi alle som i framtida gjer meg urett?"



Kan vi då gjera kva vi vil, Gud har jo allerede tilgitt? Nei, tilgjeving krev at ein innser at det ein har gjort er gale, og at ein angrar. Det fylgjer ei omvending med tilgjevinga. Ein må bestemma seg for å starta på nytt, og prøva å ikkje gjera same feil ein gong til. Mange av oss må likevel be Gud og medmenneske om tilgjeving for same synder gong etter gong.

Gud stiller strenge krav til oss. Så strenge at ingen andre enn Jesus har klart å leva på jorda utan å

bryta Guds bod. Samtidig er han så raus med tilgjevinga at ingen andre kan måla seg.

La oss ha Gud som forbilete: tilgi dei som innrømmer sine feil og overtramp. Hugs at du berre skal tilgi dersom du klarar det, ingen kan krevja tilgjeving. Og dersom du stiller svært strenge krav til dei rundt deg, må du også vera klar til å tilgi.

Appell:

Me tar ikkje ansvar for livet vårt så lenge me skylder på andre. Me seier såra: Du gjorde meg urett. Me som kristne må gå uansett, det me løyser her er løyst i himmelen. Såra blir me i livet, men hold ikkje på uretten du meiner er deg begått. Det er ingen sår i følelseslivet som ikkje Jesus kan gjera noko med. Jesus sett fri!

Dette er under, Gud!

Du har sett fri. Den urett eg kjende på som eg meinte var meg begått, den har du fått. Eg holdt på den urett som meg var begått - mi livskraft svant og djevelen vant. Han meg bandt! Går du til den du har noko imot, for det som er bunde på jord, er bundet i himmelen.

Ei bitter rot om den var liten, ho ringvirkningar fekk. Eg kjende meg sliten rota sleit - nåden veik - frimod blei borte, men du Gud har gjort under Tilgitt og sett fri. Takk.

Anne Lise Østensvik

Tilgjeving vart vegen ut av mobbinga

Dag etter dag var ettermiddagen det einaste lyspunktet. Det var nokre timar fri frå dei som gjorde meg vondt. Natta og morgonen var full av bekymring for kva dagen ville by av vonde ord. I 5 - 6 år var kvar einaste dag på skulen full av mobbing, og vonde kjensler.

Det var aldri slag. Aldri nokon som laga så mykje oppstyr at det vart noko stor sak. Men stadige små ord som skapte sår som ikkje ville gro. Til slutt var statusen som mobbeoffer ein av dei viktigaste grunnane til mobbinga. Ein vond sirkel.

Tankar om å gjere slutt på alt kom etterkvart. Det kjentes som ei god gjerning å la dei andre sleppe å vera ilag med meg. Men tanken på å avslutte eit liv som berre var til låns vart for stor.

Vegen ut vart tilgjeving. Kor den indre styrken til å bryta med dei vonde tankane kom ifrå, kan eg berre velja å tru. Men nokre dagar klarte eg å overhøyra mobbinga, og offer-statusen forsvann. Og med den forsvann ein viktig grunn til mobbinga. Etterkvart klarte eg å møta mobberar og alle dei likegyldige tilskoderane med rak rygg.

Eg visste at eg ikkje kunne ta eit oppgjær med mobberane. Då ville eg igjen stå fram som eit offer. Eg måtte tilgi og leggja bak meg vonde kjensler. Nokre dagar kjem lysta til eit oppgjær, ikkje for min eigen del, men for å advare mine mobberar om kor stor skade dei gjer på andre.

innsendt av ein av Kyrkjetonar sine lesarar.

Tilgjeving og forsoning

Ståle Hustoft

Dersom to parter som har såra kvarandre djupt skal klare å utvikle ein våpenfri relasjon, må dei på eit eller anna tidspunkt nærma seg kvarandre igjen, altså forsonast. For å forsonast må partane både kunne be om tilgjeving og ta imot kvarandre si djupe beklaging.

Me må skilja tilgjeving frå falsk tilgjeving som f. eks. kan vera å seia "eg tilgir deg" altfor fort, fordi ein er redd for å bli forlatt, frykter konflikt eller ikkje synes ein sjølv er verd ei skikkelig unnskyldning.

Ein god og solid unnskyldning:

- 1 - **Ta ansvar** for skaden du har skapt. Ikkje vær vag, men sei at "eg gjorde dette mot deg, og ber om unnskyldning for det."
- 2 - **Vær personleg.** Innrøm at du har såra den andre part, ikkje "gjort noko dumt" eller "skuffa deg sjølv."
- 3 - **Vær spesifikk.** "Eg er lei meg" er ikkje alltid godt nok. Vis at du har forstått kva du har gjort, og korleis det har såra den andre part.
- 4 - **Gjer unnskyldningen djup nok.** Fortel heile sanninga, sjølv om det gjer deg skamfull. Grunnlaget for forsoning toler dårleg at du blir tatt for å ha fortalt halve sanninga.
- 5 - **Vær ærlig.** Ikkje prøv å vera polert. La det visa at det er di unnskyldning, og at den kjem frå hjarta.
- 6 - **Gi ein rein unnskyldning.** Du har ikkje "gjort ein liten feil," og det var ikkje ei forståelig hending." Det er den såra part som evt. skal sjå det som har hendt i eit mildare lys.

Den såra part må....

- 1 - **Ta imot unnskyldningen.** Ikkje steng den andre part ute sjølv om du ikkje orkar tanken på forsoning ennå. La han eller ho få utøva sine unnskyldningar. Den som ber om unnskyldning kan mista motet dersom du er uforsonelig for lenge.
- 2 - **Vis at du set pris på den andre part sitt forsøk på unnskyldning og forsoning.**
- 3 - **Leit etter kva som eventuelt var ditt bidrag til skaden som er oppstått.** Ikkje fordi du skal overta skulda eller tilgi for fort. Men be om unnskyldning for det som evt. var ditt bidrag. Det er lettare å forsonast og bygga tillit til kvarandre igjen dersom all urett som er gjort er kome på bordet.

kilde: J. A. Spring: "How can I forgive you?"(2004)

Kan du tenkje deg å jobbe i
NEDSTRAND SOKN
som vikar i eitt år?

I Nedstrand sokn har vi ledig eit vikariat i 50%-stilling som trusopplæringsmedarbeidar/ sekretær.

Arbeidet består i deltaking i trusopplæringsprosjektet Kyrkjenær samt administrative oppgåver på prestekontoret i Nedstrand.

Stillinga er ledig frå 1.9.2009 og ca eitt år fram i tid. Søkjar må vera medlem av Den norske kyrkje. Kontakt Ingrid H. Landro på tlf 988 40 605 for meir informasjon.

Søknad kan sendast til Tysvær kyrkjelege fellesråd på e-post: kyrkja@tysver.kommune.no innan 1.7.2009



Bli kjent i nærmiljøet

Du trenger ikke reise langt for å få en hyggelig opplevelse
av Kjersti H. Lofthus

Det er mange fine steder nær der du bor. Hva med turer rundt i nærmiljøet, eller i marka? Finn nye veier og nye steder.

Kanskje skal du opp på Tysværtoppene i år? Vi har fått brosjyre i postkassen. Kanskje du kan ta en overnattingstur i fjellet? Det er ikke langt til nærmeste turisthytte i Etnefjellene eller i Suldal. Haugesund turistforening har også Utsira fyr og Geitungen fyr, dersom du har lyst til en overnattingstur ved sjøen. Du kan kontakte turistforeningen eller gå inn på www.turistforeningen.no.

Har du lyst til å prøve deg på turorientering? Haugesund idrettslag har poster liggende ute i Byheiene. Kart kan kjøpes på sportsforretninger og OBS. Kjempegøy! Opplevelse i Nærmiljøet er bra for klimaet. Les mer på www.gronnhverdag.no,



grønt hjørne

Tilgivelse av overgriper

Er det mulig å tilgi det utilgivelige? Kan det kreves?

Kjersti Hjelmervik Lofthus, Diakon i Tysvær

Oi, for en utfordring. Kan du Kjersti skrive noe om tilgivelse i forbindelse med overgrep? Jeg har i flere år arbeidet med støttegrupper for kvinner som har vært utsatt for seksuelle overgrep. Dessverre har jeg møtt flere som spesielt i kristne sammenhenger har blitt møtt med at de må tilgi og komme seg videre. Det høres ut som en enkel måte å bli ferdig med overgrepene på.

Dessverre er det ikke så enkelt. Seksuelle overgrep gir ofte store konsekvenser på alle plan i livet. Jeg tror det ikke er noen ting de utsatte ønsker mer, enn at de skal komme seg videre i livet. Overvinne alle seinvirkningene, de kroppslige, psykiske, sosiale og åndelige. Og ja - livet kan bli bedre. Gjennom hard jobbing kan de utsatte få et godt liv. Likevel er overgrepene en del av livet. Noe som alltid kommer til å være der. De forsvinner aldri.

En del fortrenger overgrepene fra hukommelsen. Det er en forsvarsmekanisme for å overleve når virkeligheten blir for vond til å ta inn over seg. Før eller siden kommer det som regel opp igjen. Da detter ofte noen brikker på plass. Alle smertene i kroppen. Psykiske og sosiale problemer. Kroppen husker nemlig, selv om hjernen har låst igjen.

Det å bli møtt med kommentarer som "Du må tilgi" i en sammenheng der en strever sånn med livet, kan føles som et nytt overgrep. Mange opplever liten grad av forståelse for det de har opplevd. I denne sammenheng kan tilgivelse bli en metode til å feie ting under teppet. Dersom offeret tilgir, kan vi glemme hele saken, og gå videre som ingenting har skjedd. Tror vi. Men vi kan ikke gå videre. Uten omvendelse, og at overgriper kommer til erkjennelse av hva han/hun har gjort, og at det blir tatt et oppgjør med uretten som er begått, kommer vi ikke videre. Uten at sannheten kommer opp, og folk tar konsekvensen av den, kommer ikke folk videre. Vi kan feie ting under teppet for en periode, men etter en stund vil ting komme til overflaten igjen.

I Lukas står det ganske konkret om tilgivelse. Dette er ingen lettvindt selvutslettende tilgivelse. Det står klart når vi skal tilgi. Dersom han angrer, skal vi tilgi, står det.

Les selv:
Luk 17,3ff: *Ta dere i vare! Om din bror synder, så tal ham til rette. Og dersom han angrer, så tilgi ham! Om han så synder imot deg sju ganger om dagen, og sju ganger kommer tilbake til deg og sier: Jeg angrer! – så skal du tilgi ham.*

Tilgivelse krever altså omvendelse og anger fra den som har begått urett. Svært, svært få av de som har blitt utsatt for overgrep blir oppsøkt av en angrende overgriper som innser rekkevidden av sine handlinger og ber ydmykt om tilgivelse!

Kan en da kreve at de utsatte skal tilgi noe som ikke blir bedt om tilgivelse for? Det tror jeg ingen av oss har rett til å kreve, og jeg tror ikke Gud krever det heller.

Noen kan likevel komme fram til en forsoning med overgriper. Dette kan være en lang prosess, og ingen lettvindt løsning. Da er det viktig å huske på at tilgivelse ikke er det samme som å glemme. En kan ikke viske vekk det onde som har skjedd i livet. Det vil alltid være der. Men en kan finne måter å leve med det på slik at livet kan bli godt likevel.

Tilgivelse er heller ikke det samme som å ha tillit. En kan ikke fortsette livet som om ingenting var hendt. Tillit er noe vi må fortjene, og det kan ta lang tid å bygge opp tilliten igjen etter grove overtramp. Kanskje lar det seg aldri gjøre? Det å komme fram til en forsoning trenger ikke bety at en skal ha noen som helst kontakt videre. Kanskje skilles ens veier for godt.

Skjer overgrepene i en menighetssammenheng eller organisasjonssammenheng er det viktig at den eller de utsatte får den støtte de trenger. En prest, diakon eller en annen medarbeider som misbruker sin makt og stilling til å begå overgrep kan ikke fortsette i stillingen. En forkynner som viser seg å være pedofil kan ikke forkynne mer. En barne- eller ungdomsleder som begår overgrep skal aldri settes inn i arbeid blant barn og unge igjen. Mange vil innvende at han/hun bør få en ny sjanse – at vi som kristne må tilgi. Mitt spørsmål blir da: Når dette har skjedd en gang, hvordan kan vi da vite at det ikke vil skje igjen? Hvordan kan vi vite at ikke flere liv blir knust? Hvordan kan vi ha tillit til vedkommende?

Jeg mener ikke at overgripere skal bli skjøvet ut av alle felleskap. Overgripere trenger også hjelp. Hjelp til å innse hva de har gjort. Hjelp til å arbeide seg videre. Likevel mener jeg bestemt at de har brutt tilliten så kraftig at de ikke skal inn i noen form for tillitsverv eller lederverv.

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Personalnytt

Sivilarbeidar Kristian Øygarden sluttar i si teneste hos oss i løpet av sommaren. Han kom til oss i september 2008 og glei fort og godt inn i staben. I dette året har han hatt mange ulike oppgaver, både



Kristian Øygarden

i barne- og ungdomsarbeidet og mykje vaktmeisterarbeid i Aksdal kyrkje. Han har rigga til arrangement, bore bord og stolar og ordna opp for oss. Han har vore god å samarbeida med, og er kvikk til å gjera det arbeidet han er blitt sett til. Kristian, du vil bli sakna når du dreg til Bergen for å ta til med studium. Takk for året hjå oss og Guds vel-signing vidare.

Kyrkjelydspedagog er tilsett.

Etter at kateket i Førresfjorden slutta i fjor sommar lykkast vi ikkje å få tilsett ny kateket. Den nye tru-sopplæringsreforma hadde støvsuga marknaden for denne faggruppa. Vi utvida utlysinga til også å gjelde kyrkjelydspedagog og denne gongen lykkast vi.

Ragnhild Elisabeth Risanger Meland (28) er tilsett frå 1.6.2009, men med tiltreding frå juli 2010. Ragnhild Elisabeth ventar born og startar med eit års permisjon. Ragnhild Elisabeth er ei songglad jente frå Karmøy, oppvaksen på Nordheim. Ho er utdanna diakon og godt kvalifisert til stillinga. Vi kjem att med ei nærare presentasjon når ho tiltre i stillinga.

av Terje Fjeldheim



Greta Skorpe Elverhaug

I permisjonsåret hennar har vi tilsett

Greta Skorpe Elverhaug (39) som vikar. Greta bur i Førresfjorden og er i dag lærar ved Førre Skule. Ho er tilsett i ei 60% stilling og skal ha ansvar for konfirmantundervisninga i Førresfjorden sokn. Greta er også ei songglad dame og er godt kjent i den kyrkjelyden ho skal

arbeida. Ho er godt kvalifisert til oppgåva, og vi ser fram til at ho startar opp i byrjinga av august månad.

Skeive og lause gravminne

Eg vil igjen minna om at festar må sjekka gravstøtta ein har ansvaret for. Det er ikkje fint når desse byrjar å bli skeive. Då skal dei rettast opp sjølv om dei ikkje er lause.

Kyrkjegardsarbeidarane sjekkar skeive gravminne og vi sender ut brev til dei som ikkje tek tak i dette sjølv. Dei ulike gravsteinleverandørane tek på seg slikt arbeid.

Fellesskapsfest i Nedstrand sokn

8.mai var gymsalen på bygdauset på Nedstrand omgjort til festsal. Soknerådet og dei tilsette la seg i selen og inviterte alle som hadde lyst til ein stor kyrkjelydsfest. Ca 100 soknebarn meldte seg på og møtte fram. Dei fekk servert agurksuppe med laks, thailandsk kylling i karri, og stort dessertbord, tilretta og servert med stil.

Tor Øyvind Skeiseid (til høgre på bildet) og Arne Nordbø (t.v.)frå Ryfylke livsgnist tok oss med på ei Vandring i bedehusland, eit historisk tilbakeblikk med både humor og alvor. Nedstrand sokn risikerer å få rykte som skikkelige fest-folk, for i år som i fjor var det godt humør og upåklageleg stemning.

tekst: Ingrid Hustoft Landro
foto: Ståle Hustoft

Møtekalenderen

Møter i Aksdal kyrkje
Tirsdager kl 19.30

9. juni:	Samemisjonen
16. juni:	Misjonssambandet
11. aug.:	Misjonssambandet
18. aug.:	Normisjon
25. aug.:	Den indre Sjømannsmisjon
1. sept.:	NMS
8. sept.:	Samemisjonen
15. sept.:	Misjonssambandet
22. sept.:	Felles møteaksjon
29. sept.:	Felles møteaksjon
6. okt.:	Samemisjonen
13. okt.:	Normisjon
20. okt.:	Israelsmisjonen
27. okt.:	Sjømannsmisjonen

Preiketekstane

7. juni	Treenighetssøn.	Joh 3, 1-15
14. juni	2.s.e.pinse	Luk 16, 19-31
21. juni	3.s.e.pinse	Luk 14, 16-24
28. juni	4.s.e.pinse	Luk 15, 1-10
5. juli	5.s.e.pinse	Jak 4, 11-12
12. juli	6.s.e.pinse	Luk 5, 1-11
19. juli	7.s.e.pinse	Matt. 5, 2-24 (25-26)
26. juli	8.s.e.pinse	Mark 8, 1-9
2. aug.	9.s.e.pinse	Matt 7, 15-20
9. aug.	10.s.e.pinse	Sal 8, 4-10
16. aug.	11.s.e.pinse	Luk 19, 41-48
23. aug.	12.s.e.pinse	Luk 18, 9-14
30. aug.	13.s.e.pinse	Mark. 7, 31-37
6. sept.	14.s.e.pinse	Luk 10, 25-37
13. sept.	15. s.e.pinse	Sal 116, 12-16
20. sept.	16.s.e.pinse	Matt. 6, 24-34

Gla'sang

- Er du glad i å synge?

I Aksdal kyrkje har me eit kor for dei som går i 3. - 7. klasse.
Me har øving i kjellaren kvar mandag kl. 16.45 - 18.00.

Me startar opp etter ferien mandag 24. august kl. 16.45.

Velkommen til eit nytt semester med Gla'sang!

Helsing Bodil Auestad og Kari Undheim

Neste nummer kjem i postkassen ca. 17. september

Frist for stoff til nr 3/2009: 4. september

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand. e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142



Mange har fylgd reportasjane i Kyrkjetonar frå Kjetil og Siv Anett Sande i Ecuador. I sommar er dei heime på Nedstrand og Karmøy med familiens nye medlem, Eskil Santiago. Du kan m.a. møta dei på basar på Soknatun, Hinderåvåg, 12. juni.

Basar på Soknatun

Fredag 12. juni kl. 19.00

Siv Anett og Kjetil Sande deltek Servering

arr: Styret for Soknatun

Områdeårsmøte NMS - 2009

av Edvin Gjerde

Første helga etter påske er blitt fast tradisjon for dette årsmøtet i regi av Karmsund område av Det Norske Misjonsselskap. Slik også dette året. Lørdag 18. april blei det avvikla på Tysvær Soknehus med Tysvær misjonsforening som vertskap. Det var lagt opp til eit flott program, som tok til kl 1300 og varte til 2030.

Først var det lovsongsmøte leia av Magne Kristoffer- sen, og det var ei songglad forsamling som stemte i under kyndig leiing. Etterpå heldt tidlegare prost Gunnar Salomonsen bibeltime. Me må vera klære på bodskapen me har å gå med, sa han.Deretter måtte vi ha kaffipause før sjølve årsmøtesakene kom opp under leiing av Martin Ivar Arnesen. Her handla det om val og økonomi. Desse vart losa trygt igjennom og synta at det vert lagt ned mykje flott arbeid i lag og foreningar. Takk til alle misjonsvener som på ulik vis var med og samla inn midlar. Mykje interessant informasjon vart gjeven til opplysning og inspirasjon. Roar Vik fortalde om arbeidet i Brasil. Misjonær Magne Smørdal var kveldens festtalar med ei klar oppmoding om å stå på i arbeidet. Frå si tid på Madagaskar, som nå er inne i ei spanande tid politisk sett, kunne han fortelja om alle dei gledelege hendingar han hadde vore vitne til der.

Bak dette denne kvelden stod ei rad misjonvener frå Tysværvåg som la til rette for ein gild dag med mat-servering og rydding. Det var ikkje nokon liten innsats som låg bak denne dagen.

Gudstenester

Svebakken

Søndag 14. juni kl 12: Friluftsgudstjeneste. Øivind Holtedahl.Nattverd. Offer til Kirkens SOS. Ta med grillmat.

Borgøy bedehus

Søndag 21. juni kl 13.30: Gudsteneste. Dag Tormod Milje. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Håvåshytta

Søndag 30. aug. kl 12: Friluftsgudstjeneste. Øivind Holtedahl.

Stemne på Stranda bedehus

21. juni kl 18. juni

Torvald Kjetilstad og Dagfinn Nattland blir med

arr: NLM

Gjennom livet

Døypte

Tysvær kyrkje

12.04: Henrik Baker Askeland
26.04: Knut Andre Håstø
Karsten Bjelland
Emma Reimers Berge
Troya Toth Hettervik
Emma Helen Hopland
Eknes Kallekodt

Bokn kyrkje

22.03: Andreas Grønnestad
Alvestad
Michelle Solberg Alvestad
12.04: Monika Øvrebø
03.05: Ove Berge Christiansen
Anita Soares Hosaas

Førre kirke

15.03: Sander Stakkestad
Kevin Søvik Søderlund
Sindre Aarøy
Ida Pedersen Hauge
Lotta Wee Sætre
Molly Wee Sætre
Veslemøy Andenes Haaland
05.04: Sina Stave Bakken
Helgesen
10.05: Leah Johnsen Skjølingstad
Mario Elias Johnsen Noriega
Vilde Børø Opsøen
Kajsa Wolfenstein Dalsnes
Mali Knudsen
Felix Knudsen
Atle Joramo-Hustvedt

Aksdal kyrkje

01.03: Noah Knutsen
Ailo Wannberg Torstveit
12.04: Magnus Magnussen
19.04: Tora Strandenæs Holtedahl

Nedstrand kyrkje

22.03: Martin Schrøder Solås
12.04: Even Alsaker
Sebastian Johannes Sætre

Skjoldastaumen kyrkje

08.03: Evald Hustoft
12.04: Jonas Strøm Stange
26.04: Elena Tørresdal
03.05: Eirik Bårdsen

Vigde

Tysvær kyrkje

26.04: Mona Karin Heskja og Kurt Harald Håstø

Førre kirke

07.05: Nina Rolander og Jonny Vika

Skjoldastraumen kyrkje

18.04: Kristine Grinde og Rolf Kristensen

Fellesaksjon i Aksdal Kyrkje

**22. september - 4. oktober
kl.19.30**

Førresfjorden menighetsråd og de ulike kristne organisasjonene som bruker Aksdal kyrkje, går sammen om en fellesaksjon i september/oktober.

Møtene starter tirsdag 22. september og holder på hver dag (unntatt mandager) frem til søndag 4. oktober 2009. Møtene starter kl. 19.30.

Følgende talere blir med: Steinar Handeland på sju av møtene, Arne Aurdal og Gjermund Lygre på to hver og Arnt Magne Granberg på ett møte. Det blir ulike sang og musikk krefter.

Jordfesta

Tysvær kyrkje

11.03: Aurora Nyland Hauge
24.03: Ruth Apeland
26.03: Ragna Didrikke Trones
02.04: Borghild Bjordal
14.04: Liv Elise Eikeskog
16.04: Marta Kvinnesland
29.04: Anna Gjerde
30.04: Øyvind Skorpen
05.05: Borgny Nilsen
08.05: Anna Waage
15.05: Sivert Ludvigsen (Vår Frelzers)

Bokn kyrkje

11.03: Harald Bokneberg

Førre kirke

19.03: Kåre Hermann Bakken
25.03: Otto Anfinn Kallevik
17.04: Per Magnus Noven

Nedstrand kyrkje

27.02: Eli Ubøe Marvik
20.03: Inga Silgjerd
20.04: Andreas Vik
28.04: Magnhild Fjellberg

Skjoldastaumen kyrkje

13.03: Johannes Austerlid
07.04: Ellen Marie Knutsen

Velkommen til kyrkje



Tysvær kyrkje

07.06 kl 11.00:

Gudsteneste. Arne Aurdal. Dåp. Tur etter gudstenesta.

14.06 kl 11.00:

Fellesgudsteneste med Bokn i Loten. Arne Aurdal. Offer til IKO.

05.07 kl 10.00:

Gudsteneste. Øivind Holtedahl. Offer til Sjømannsmisjonen.

26.07 kl 12.00:

Gudsteneste. Arne Aurdal. Offer til Kirkens Bymisjon.

16.08 kl 19.00:

Jazzmesse. Arne Aurdal. Nattverd. Offer til Kyrkjenær.

23.08 kl 11.00:

Gudsteneste. Arne Aurdal. Søndagsskule. Offer til Kyrkjetonar.

06.09 kl 11.00:

Gudsteneste. Arne Aurdal og Marit Sofie T. Vikre. Konfirmantpresentasjon. Offer til IKO.

27.09 kl 11.00:

Gudsteneste. Arne Aurdal. Hausttakkefest. Offer til Gadjiwani.

Aksdal kyrkje

07.06 kl 11.00:

Forbønngudsteneste. Øivind Holtedahl. Offer til Kyrkjetonar.

05.07 kl 12.00:

Gudsteneste. Øivind Holtedahl. Dåp. Offer til MF.

19.07 kl 10.00:

Gudsteneste. Dag Tormod Milje. Dåp/nattverd. Offer til Normisjon Rogaland.

16.08 kl 10.00:

Gudsteneste. Øivind Holtedahl. Offer til Bibelselskapet.

23.08 kl 11.00:

Gudsteneste. Einar Andreassen. Nattverd. Offer til diakoniarbeidet.

06.09 kl 11.00:

Gudsteneste. Øivind Holtedahl og diakon Kjersti H. Lofthus. Diakonisøndag.

13.09 kl 11.00:

Gudsteneste. Øivind Holtedahl. Konfirmantpresentasjon.

20.09 kl 11.00:

Gudsteneste.

27.09 kl 11.00:

Gudsteneste. Hausttakkefest.

Førre kyrkje

21.06 kl 11.00:

Gudstjeneste. Einar Andreassen. Dåp. Offer til NLM.

02.08 kl 10.00:

Gudstjeneste. Arne Aurdal. Dåp/nattverd. Offer til menighetsarbeidet.

Bokn kyrkje

14.06 kl 11.00:

Fellesgudsteneste med Tysvær i Loten. Offer til IKO.

28.06 kl 12.00:

Gudsteneste. Dag Tormod Milje. Dåp. Offer til Lærerakademiet.

19.07 kl 12.00:

Gudsteneste. Dag Tormod Milje.

09.08 kl 12.00:

Gudsteneste. Arne Aurdal.

30.08 kl 11.00:

Gudsteneste. Arne Aurdal. Konfirmantpresentasjon.

13.09 kl 11.00:

Gudsteneste. Misjonssøndag.



Nedstrand kyrkje

14.06 kl 11.00:

Friluftsgudsteneste i Leirung. Dag Tormod Milje. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

28.06 kl 11.00:

Høgmesse. Dag Tormod Milje. Offer til Misjonsalliansen.

12.07 kl 10.00:

Høgmesse. Dag Tormod Milje. Offer til Institutt for kristen oppseding.

26.07 kl 10.00:

Høgmesse. Arne Aurdal. Offer til institutt for sjelesorg.

09.08 kl 10.00:

Høgmesse. Arne Aurdal. Offer til kirkens bymisjon, Karmsund.

23.08 kl 11.00:

Misjonsgudsteneste. Dag Tormod Milje. Offer til NMS-prosjekt.

06.09 kl 19.00:

Lovsangsgudsteneste. Dag Tormod Milje og Arne Jon Myskja. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

13.09 kl 11.00:

Hausttakkefest. Dag Tormod Milje. 7-åringane, Bygdekvinnelaget og Barnekoret Sakkeus deltek. Offer til Bygdekvinnelaget sitt prosjekt.

27.09 kl 15.00:

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Dag Tormod Milje. Offer til barne- og ungdomsarbeidet i soknet.

Skjoldastraumen kyrkje

21.06 kl 11.00:

Høgmesse. Dag Tormod Milje. Offer til Menighetsfakultetet.

12.07 kl 12.00:

Høgmesse. Dag Tormod Milje. Offer til NKSS.

02.08 kl 12.00:

Høgmesse. Arne Aurdal. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

16.08 kl 12.00:

Høgmesse. Øivind Holtedahl. Offer til Utstein pilgrimsgård.

30.08 kl 11.00:

Misjonsgudsteneste. Dag Tormod Milje. Offer til NMS-prosjekt.

13.09 kl 15.00:

Hausttakkefest. Dag Tormod Milje. 7-åringane og Bygdekvinnelaget deltek. Offer til Bygdekvinnelaget sitt prosjekt.

27.09 kl 11.00:

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Dag Tormod Milje. Offer til barne- og ungdomsarbeidet i soknet.